



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		5722/2016/	Eivind Vartdal Ryste	29.01.2016

Ny stortingsmelding om jordbrukspolitikken - innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Viser til invitasjonen frå Landbruks- og matdepartementet om å sende innspel til ny stortingsmelding for jordbrukspolitikken.

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok i møte 25.01.2016 å sende følgjande innspel:

Sett frå Møre og Romsdal fylkeskommune bør det leggjast vekt på følgjande i ny melding til Stortinget om jordbrukspolitikken:

1. Matproduksjonen må aukast, men auken må vere basert på norske ressursar.

Ny melding om jordbrukspolitikken bør innehalde:

- Ei klar prioritering av jordbruksproduksjonar som kan drivast på lokale, stadeigne ressursar
- Rammevilkår som gjer det meir lønsamt å dyrke og bruke eige grovfôr i husdyrproduksjonen
- Rammevilkår som gjer det meir lønsamt å utnytte beiteressursane i utmarka
- Ei satsing på FoU innan norsk fôrproduksjon, med særleg vekt på norske proteinråvarer, til erstatning for importert soya.

2. Færre bønder, større bruk, men mange små eigedomar gir lite effektiv drift

Ny melding om jordbrukspolitikken bør innehalde:

- Utgreiing av mulighetene for ein ny jordskiftereform, som kan gjere eigedomsstrukturen i landbruket meir i takt med moderne driftsformer
- Ei styrking av landbruksforvaltninga sine virkemiddel for å styre den lokale fordelinga av leigejord.
- Utgreiing av verknader for distrikta med redusert tal bruk og færre bønder.
- Utgreiing av korleis jorda på nedlagte bruk blir ivaretatt, og korleis dette påvirkar matproduksjonen.

3. Ei satsing på norske kvalitetsprodukt frå jordbruket

Ny melding om jordbrukspolitikken bør innehalde:

- Ei offensiv satsing på eksport av norske jordbruksprodukt, bygd på miljøvenleg produksjon og unik produktkvalitet.
- Ein strategi for å bygge sterke merkevarer av dei beste og mest unike produkta og regionane

4. Langsiktig styrking av virkemiddel for investeringar

Ny melding om jordbrukspolitikken bør innehalde:

- a. Eit innretning av investeringsstøtta som sikrar at det blir mogleg å investere for framtidsretta jordbruk i heile landet
- b. Ei prioritering av investeringsstøtte til produksjonar som er tilpassa dei lokale, stadeigne ressursane.

5. Jordbruket er ein del av klimaløysinga

Ny melding om jordbrukspolitikken bør innehalde:

- a. Ei satsing på eit fossilfritt jordbruk
- b. Virkemiddel som kan nyttast til å redusere klimagassutslepp og sikre produksjonsgrunnlaget.

6. Satsing på økologisk jordbruk.

Ny melding om jordbrukspolitikken bør innehalde:

- a. Ei satsing på FoU innafor økologisk jordbruk, der NORSØK på Tingvoll står heilt sentralt.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Eivind Vartdal Ryste
seksjonsleiar